

Alle hytter skal ha senetakk. Det kan oppføres i herre ein klasse med eventuelt senet.

REGULERINGSFØRESEGNER

Det kan ha innflytning, men det må ikke være til hinder for ferietil i området.

Alt parkering av biler skal skje på felles parkeringsplass ved

Det regulerede området er i planen vist med reguleringsgrenser.

Arealbruken innan planen er inndelt i fylgjande reguleringsføremål:

1. BYGGEOMRADE:
 - Hytteområde
 - Off. bebyggelse
 - Forretninger
2. TRAFIKKOMRADE:
 - Køyrebane, grøfter, trafikkareal
 - Parkeringsplasser
 - Gangvegar, fortau
3. FRIDOMRADE:
 - Turveg
 - Park
 - Friområde
4. SPESIALOMRADE:
 - Renseanlegg
 - Pumpestasjon o.l. komm.tekn.anlegg
5. FELLESFØRESEGNER

Det skal utarbeidast ein detaljplan for bygging av alle arealene for bygging av herre og senetakk. I denne planen skal det frøvege bygging av tilhøyrande byggingar, leireng og vassføring.

Illustrasjonsplaner/tegningsplaner skal utarbeidast for alle forretningsområde og bygging. Denne illustrasjonen er utarbeidast av bygging og forretningsområde. Bygging og forretningsområde skal utarbeidast av byggingrådet. Byggingrådet skal påse at teikningane får ein naturleg og tilstrekkeleg storleik for å kunne tilpassast ei god utbygging.

Innan forretningsområdet skal det utarbeidast detaljplaner for parkeringsareal og forretningsareal.

1. BYGGGEOMRÅDE

1.1 HYTTEOMRÅDE

Alle hytter skal ha mønetak. Dei kan oppførast i berre ein etasje (med eventuelt hems).

Hytte kan ha inngjerding, men denne må ikkje vere til hinder for ferdsel i området.

All parkering av bilar skal skje på felles parkeringsplass ved riksvegen.

Ved handsaming av byggemelding skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form, ein rett materialbruk og harmonisk fargebruk.

1.2 OMRÅDE FOR OFF. BEBYGGELSE

Området i planen er knytt til Forsvaret sine øvingsområde.

Bebyggelsen kan oppførast i inntil 2 høgder. Bebyggelsestype, utforming, avkøyrslø, parkering, beplantning m.v. skal avgjerast av bygningsrådet og Forsvaret i fellesskap.

1.3 OMRÅDE FOR FORRETNINGSBYGG

Bygget kan oppførast i inntil 2 høgder. Bygningsrådet kan tillate at ein mindre del av bygget blir innreidd til bustadformål.

Bruk av forretningsområda skal vere knytt til turisme og turistnæring/serviceindustri.

Det skal utarbeidast ein samla bebyggelsesplan for heile arealet før byggemelding kan godkjennast. I denne planen skal det framgå bygget si tilpassing til ikringliggande bygningar, terreng og vegetasjon.

Illustrasjonsplanen/bebyggelsesplanen viser dei ulike forretningsområda si utnytting. Denne illustrasjonen er retningsgjevande. Tomtedeling innanfor dei ulike einingane (forretningsområda) må godkjennast av bygningsrådet. Bygningsrådet skal påsjå at tomtene får ein naturleg og tilstrekkeleg storleik for å kunne tilpassast ei samla utbygging.

Innan forretningsområdet skal det visast nødvendig parkeringsareal og losse/lasteareal.

2. TRAFIKKOMRADE

2.1 KØYREBANE

Reguleringsline for ytterkant veg er yttergrense for vegmark. Nødvendig areal til skjering og fylling kjem på tomtemark.

2.2 GANGVEGAR, FORTAU, TURVEGAR.

Det er i planen innregulert ein del gangvegar/turstiar. Bygningsrådet kan i særskilde høve tillate at gangvegar blir nytta som adkomstveg til einskilde hytter.

Det er i planen vist minimum grense for fri sikt i kryss. Innanfor desse grensene skal det ikkje plantast, fyllast eller plasserast noko på ein slik måte at fri sikt vert hindra. (over 0,5 m).

3. FRIOMRADE

3.1 Friområda skal opparbeidast og handsamast etter særskilde planer godkjende av bygningsrådet.

Bygningsrådet kan tillate oppført bygningar eller konstruksjonar som har naturleg tilknytning til leik, idrett eller sport.

Det skal spesielt leggjast vekt på at desse ikkje er til hinder for generell bruk av områda.

Bygningsrådet skal i kvart einskild høve godkjenne byggearbeidet.

4. SPESIALOMRADE

4.1 Planen viser område for renseanlegg/pumpestasjon. Oppføring av byggverk på areala skal skje etter bygningsrådet si vurdering av byggemelding.

5. FELLESFØRESEGNER

5.1 Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og byggeføresegnene og dei gjeldande bygningsvedtektene for kommunen.

Det er ikkje tillate ved private servitutter å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsføresegnene.

5.2 Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet.

Alle unntak må vere innan ramma av bygningslova og bygningsvedtektene for kommunen.